

15 MAI 2019

**FURUHAUGEN BURETTSLAG-DEI ELDRE SIN BUSTADSPAREKLUBB**  
**NORDGARDSHAUGEN, 5918 FREKHAUG**

Ark. \_\_\_\_\_

Saksid. \_\_\_\_\_

Saksid. \_\_\_\_\_

Ark.del \_\_\_\_\_

**ÅRSMØTE**

Referat frå årsmøte den 10.05.2019, for året 2018, i Furuhaugen burettslag gnr. 23 bnr.389 på Frekhaug i Meland kommune.

Møtte vart sett kl.11.00 i bustaden til Gunnhild Sagstad, Nordgardshaugen 9 D. Det var sendt skriftleg innkalling til alle som har andeler i burettslaget

Desse møtte:

Inger Nordanger, Klara Mongstad, Gunnlaug Brakstad, Åsta Lid, Anny Johannesen, Elna Bjørndal og Roald Bjørndal.

**Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste, som vart godkjent.

**Sak 2 Val av møteiar**

Roald Bjørndal vart vald som møteiar.

**Sak 3 Val av sekretær**

Elna Bjørndal vart vald til sekretær.

**Sak 4 Val av to medlemmer til å skrive under møteboka**

Til å skrive under møteboka vart vald: Gunnlaug Brakstad og Inger Nordanger.

**Sak 5 Årsmelding**

Møteiar orienterte om årsmelding for 2018

Vedtak: Årsmelding for 2018 vart samrøystes godkjent.

**Sak 6 Rekneskap**

Møteiar orienterte om rekneskap for 2018, som ligg føre frå autorisert rekneskapsførerselskap HAGEL, og om revisor sin uttale.

Vedtak: Rekneskapen for 2018 vart samrøystes godkjent.

**Sak 7 Val av styremedlem**

Styremedlem Roald Bjørndal er på val.

Vedtak: Roald Bjørndal vart samrøystes attvald som styremedlem for 2 nye år.

**Sak 8 Val av varamedlemmer**

Klara Mongstad, Anny Johannesen og Gunnlaug Brakstad vart samrøystes attvald som varamedlemmer til styret, for 1 år.

**Sak 9 Budsjett for 2020**

Det er utarbeidd framlegg til budsjett for 2020, med bakgrunn i tidlegare utarbeidd langtidsbudsjett (likviditetsbudsjett) for perioden 2014-2025.

Vedtak: Framlegg til budsjett for 2020 vart samrøystes godkjent slik det ligg føre.

**Sak 10 Orientering**


Det vart orientert om arbeidet med oppgradering av sikringskap i alle bustadene, som no er gjennomført i samsvar med pristilbod.

Viare drøfta årsmøtet ulike vedlikehaldsoppgåver/oppgraderingar som bør gjennomførast i åra framover, og som styret må arbeide viare med.


Årsmøtet vart også samd om at det kan vera greit å ha ein felles dugnadsdag for stell av utvendige anlegg i sumarhalvåret.

Alle var samde om at ein kan prøve ut dette med kvar mandag ca. kl. 10-12 for dei som kan, og har høve til å vera med.

Møtet slutt kl. 11.45



Gunnlaug Brakstad



Inger Nordanger